

Midtvegsevaluering av arbeidsprogram 2021-2022

Dei to hovudoverskriftene for arbeidsprogrammet dei siste åra har vore lagsbygging og instruktørar.

Målet med lagsbygging var å knyta sterkare samhald mellom dei ulike aktivitetane. Etter suksessen våren 2019 med ei felles framsyning for barne- og ungdomsgruppene var ynskje å gjennomføra eit liknande prosjekt for dei vaksne særlega, med oppsetjing av «*Ervingen*» av Ivar Aasen - med teater, kor, kveding, dans og spel. Etter eit år med utsetjingar og usikkerheit vart det hausten 2020 bestemt at prosjektet skulle leggast på is til ein med sikkerheit veit at ein kan gjennomføra prosjektet. Den vedvarande pandemisituasjonen har gjort at ein ikkje har tatt opp att dette arbeidet.

Grunna Covid-19 har det vore lite aktivitet for vaksne, generelt i laget i 2021. Dette har sjølvstøtt gått utover gjennomføringa av arbeidsprogrammet. Men med feiring av NU-jubileum på Eidsholmen i juli 2021 og med jubileumshelga i oktober stilte dei vaksne frå fleire særslag opp som dugnadsfolk.

Hausten 2021 vart det skipa til dansefest for ungane i barnelaget. I tillegg til ungane i barnelaget deltok også dansarar/dugnad frå måndagsringen og onsdagsringen, samt at Audhilds spelte til dans. Elles har barnelaget og juniorspelemannslaget også hatt familiefolkedanskveld saman. Barnelaget og juniorspelemannslaget har i heile perioden samarbeida om å læra opp nye dansespelemenn.

Lagsstyret har prøvd å leggja opp til samlande aktivitet over internett, som 17. mai-feiring og rebusløp. I periodar der det har vore mogleg har det også vore skipa til kombinerte konsert- og bingokveldar

Julelagsmøtet 2021 vart også ein fin samlingsstad for alle medlemene, på tvers av alder og særslag. Både barn og vaksne frå alle gruppene i laget var med å jobba dugnad, ha framsyning og hadde seld lodd til inntekt for laget.

Laget har også hatt fokus på samarbeid på øvingane. Kvedargruppa har tidlegare vore eit fast innslag på måndagsringen, men denne tradisjonen har ikkje vore teke opp att då måndagsringen har hatt svært få øvingar. Våren -22 planlegg kvedargruppa og Audhilds ein felles konsert. Det var også planlagt ein felles hyttetur med fellesøving i høve dette i januar. Denne vart avlyst grunna pandemisituasjonen og ny nedstenging, men det er planlagt ein felles øvingsdag i vår, i førekant av konserten.

Alle dansegruppene i laget lærde Danseglede-dansen, og sende inn filmsnuttar av gruppa si til «Danseglede-filmen», som vart lansert hausten 2021.

Ei sær viktig sak framover vert å få med medlemar som har «forsvunne» i løpet av pandemien, og sjølvstøtt også å rekruttera nye medlemar.

Samlingar for instruktørane for dans- og spelgruppene, i starten av kvart semester, som me starta i skuleåret 2019/2020 har me ikkje fått vidareført så langt i denne perioden, grunna pandemien. Dette er noko me heilt klart vil prioritera i tida som kjem. I tillegg ynskjer me å senda deltakarar på instruktørkurs, for å læra opp nye instruktørar, og å motivera allereie utdanna instruktørar.

Styret ser fram til endå meir samarbeid, lagsbygging og opplæring i 2022.

